

Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane

Referat styremøte 19. juli 2016 – i Luster Kl. 16.10-17.20



Til stades

Laila Røneid, Elin Anita Gjerde, Inger Handegård og Hilde Rotihaug (vara)



	Konstituering av styret Laila – er vald som leiar – kontakt HS – bevegelege prøver Elin Anita – er nestleiar – har hovedansvar premiar Inger – er sekretær – referat, årsmelding, heimeside, FB-side, Våre Spaniels Hilde – vald som vara Per Ståle – kasserer utanfor styret – er jaktkontakt	
Sak	Referat saker avgjort via styresida på FB Det har vore vanskeleg å få samla heile styret inkludert vara før no, så mange mindre saker har vorte diskutert og gjort vedtak på via styret si side på facebook.	Ansvar mm.
1/16	Framlegg til dommarar på Førdeutstillinga 2017 Me har fått forslag på ein dommar frå Førde brukshundklubb og dei treng ein dommar til som må dømme langt fleire rasar enn spaniels. Styret har sendt over nokre dommarforslag.	Inger har vidare kontakt med førde BHK dersom forslaga våre ikkje går gjennom.
2/16	Dommarutdanning ettersøk Hilde Hilde manglar å gå elev for tre hundar på ferskspor før ho kan starte å gå som aspirant. Styret søkte om dispensasjon om kravet om å vera ferdig med elevarbeidet ferskspor før ho kunne gå som aspirant på blodspor, då det ikkje vart arrangert fersksporprøvar i fylket før me var ferdig med våre tre blodsporprøvar. Me fekk avslag frå NKK. Hilde skal no gå elev på to fersksporprøvar, og manglar ein tredje hund for å vera klar for aspirantarbeid.	Elin Anita og Inger gir beskjed til Hilde dersom dei skal dømme ferskspor. Hilde kontaktar sjølv Torstein slik at også han kan gi beskjed til Hilde dersom han skal dømme ferskspor.

	Saker det vart informert om	
3/16	<p>Kontakt med HS Styret registrerer at det er vanskeleg å halde/få kontakt med HS (hovudstyret) i klubben. Det er sendt fleire e-postar om aktivitetsavgift for 2015, men me fortsatt ventar på tilbakemelding. Ingen referat frå HS-møte 2016 er tilgjengelege for styret då dei ikkje vert sendt på e-post og ikkje ligg på klubben si heimeside. Det var også svært kort varsling på dommarsamling jakt slik at verken den eine dommaren me har eller jaktkontakt hadde høve til å reise då dei hadde gjort andre avtalar den helga.</p>	
4/16	<p>Helseundersøkelsen Helseundersøkelsen er gjort tilgjengeleg for alle medlemmer via klubben si heimeside og link på vår FB side. Styret ser på to ting på engelsk springer spaniel som me gjerne vil ha meir informasjon om: låg gjennomsnittsalder på dei hundane som ikkje levde lenger og stor prosent kastrede hannhundar. HS har annonsert at det vert gjennomgang av helseundersøkingane ein dag sentralt og heile styret er interessert i å reise.</p>	Laila har kontakten med HS og informerer styret om dato for samling når den føreligg
5/16	<p>Status aktivitetar våren 2016</p> <p>Blodspor: Alle tre blodsporprøvene som avdelinga har arrangert er no godkjent av NKK og i dogweb. Me har fått positive tilbakemeldingar på arrangementet. Laila har lagt ut for aktivitetsavgift på to prøvar då me ville ha rask godkjenning av prøvane. Det manglar utbetaling til dommar i Årdal. Det manglar oversikt over betaling Eid. Påmeldt med hund som døde får tilbakebetalt påmeldingsavgifta.</p> <p>Kurs/samlingar Inger har hatt ansvar. Me starta opp med teori på årsmøtet. Treningane i vår er avslutta og Inger har sendt kursrapport til studieforbundet Natur og miljø.</p>	<p>Per Ståle – betalar ut dommar Årdal og aktivitetsavgift til Laila.</p> <p>Per Ståle og Hilde får i samarbeid oversikt over betalingar eid og betalar tilbake påmeldingsavgift til uheldig deltakar som mista hunden sin.</p>
6/16	<p>Kommande aktivitetar i avdelinga hausten 2016</p> <p>JAL og apport: Dommar er på plass, ender, område, overnatting og me har fått ein påmelding og nokre kanskje-påmeldingar. Dommar manglar klarsignal om ho er godkjent som apportdommar. Dersom nei går ho som elev for Inger, dersom ja dømmer ho. Rosettar er på plass. Kritik-skjema må bestillast.</p> <p>Rally: Prøven er open for påmelding via min side hjå NKK. Liten påmelding enno – noko som er normalt. Laila har oversikt over det meste som skal gjerast og held kontakt med dommar. Me har fått premiar hjå Optima og Dr Baddaky. Me søker Royal Canin og kjøper/tiggar noko meir premiar. Me går for 1/3 premiering i alle klassar og minimum alle på pallen. Rosettar er på plass.</p> <p>Bevegelege blodspor og fersksporprøvar Går sin gang.</p>	<p>Inger held kontakt med JAL-dommar om dommarstatus. Bestiller kritikkskjema JAL og apport. Inger ser på premiar. Har nokon krus att.</p> <p>Laila – hovudansvar prøven. Prøver å få skrivar for registrering direkte i dogweb arra.</p> <p>Elin Anita – skriv søknad om gavepremie til Royal Canin</p> <p>Hilde kontaktar Torstein om manglande elevarbeid ferskspor.</p>

7/16	<p>Jaktkurs Det har lenge vore eit ynskje om jaktkurs i avdelinga og jaktkontakt har hatt ansvar for framdrift. Me ynskjer oss eit kurs som passar alle – uansett nivå og me ynskjer ein tilreisande instruktør. Me har vore i kontakt med ein instruktør utan å få det til tidsmessig.</p>	Laila tek kontakt med Per Ståle og ser på praktisk gjennomføring av kurs.
8/16	<p>Våre Spaniels nr 3 2016 Kort referat frå NKK Ålesund som er «vår» NKK utstilling. Tre bilder frå gruppeplasseringar er sendt rasespalta. Referat og bilete frå dei tre sporprøvene me har hatt.</p>	Elin Anita (Hilde) sender høgoppløyslege bilete frå sporprøve. Inger får tak i betre bilete frå Luster og Årdal.
9/16	<p>Økonomi første halvår 2016 Me har hatt eit overskot og har bra styring av økonomi.</p> <p>Utgifter som ikkje er utgiftsført enno:</p> <ul style="list-style-type: none"> - tilbakebetaling til Laila for aktivitetsavgift to prøvar, - tilbakebetaling av ei startavgift, - reiseutgifter dommar Seimsåsen <p>Inntekter som ikkje er motteke:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 2 x aktivitetstilskot frå klubben sentralt a kr. 2000, - tilskot kurs våren 16 frå studieforbundet <p>Planlagde utgifter andre halvår 2016:</p> <ul style="list-style-type: none"> - kr. 3.000 i tilskot instruktørutdanning + kurslitteratur - Reise, dommarutgifter, overnatting JAL (vert underskot) - Reise, dommarutgifter, overnatting, premiar osv rally - Headset pc til dei som ikkje har (Clas Olsson?) 	Laila og Per Ståle føl opp dette.

Sak	Referat nye saker	Ansvar mm.
10/16	<p>Formell konstituering av styret på første styremøte etter årsmøtet</p> <p>Laila – er vald som leiar – kontakt HS – bevegelege prøver Elin Anita – er nestleiar – har hovedansvar premiar Inger – er sekretær – referat, årsmelding, heimeside, FB-side, Våre Spaniels Hilde – vald som vara Per Ståle – kasserer utanfor styret – er jaktkontakt</p>	
11/16	<p>Instruktørutdanning NKK</p> <p>Avdelinga ser det som stor ressurs å ha fleire utdanna NKK-instruktørar. Det skal arrangerast instruktørkurs trinn 1 i Årdal no i haust. Laila og Linn Didriksen Solsvik er påmeldt av våre medlemmer og Inger som er godkjent instruktør vil ha eit oppfriskningskurs. I budsjettet for 2016 er det sett av kr. 5.000 til instruktørutdanning. Styret vedtok å støtte Laila, Linn og Inger med halv kursavgift kr. 1.500 kvar mot at begge held minst eit kurs på 12 timar i løpet av dei neste to åra i regi av avdelinga. Alle tre får dekkja utgifter til kurslitteratur.</p> <p>Styret skriv anbefaling på Laila som har mange av sine hjelpeinstruktørtimar under godkjent instruktør Inger. Linn har hatt flest instruktørtimar i Årdal hundeklubb, og ber dei om anbefaling. Ved behov kan også me gi anbefaling.</p> <p>Hilde er tidlegare godkjent NKK trinn 1 instruktør, men har falle ut av papira til NKK. Laila kontaktar NKK for å høyre status og for å høyre kva som trengs for regodkjenning. Hilde skaffar dokumentasjon frå dei to instruktørane som hadde kurset og eksamen. Ho har krav med eigen hund.</p>	<p>Laila informerer Linn om støtte og krav.</p> <p>Laila kontaktar NKK og høyrrer kva som skal til for å få regodkjent Hilde.</p> <p>Inger sender anbefaling frå styret til Laila.</p>
12/16	<p>Prøvar 2017 (rally)</p> <p>Det er vanskeleg å få dommarar i rally – så me startar å spørje NO. Prøven skal gå i Årdal. Laila har fått fullmakt til å bestemme dato for stevnet og spørje aktuelle dommarar. Me vurderer å flytta stevnet fram ei helg ut i frå terminlista stevner 2015.</p>	<p>Laila kontaktar aktuelle dommarar snarast og bestemmer helg.</p>
	<p>Neste møte</p> <p>Det er ynskjeleg med eit møte i månaden via skype. Laila kallar inn til møte.</p>	<p>Alle installerer skype på PC en sin og kjøper headset sersom dei ikkje har.</p>

Ref Inger